

Syssette i Nordhordland


Det er henta ut statistikk frå SSB som viser syssette i Nordhordland i perioden 2008 – 2015 og kor dei som bur i Nordhordland er syssetta med omsyn til næring .


Har delt det inn i følgjande tre næringer:

- Offentleg
- Industri, bygg og jordbruk
- Tenesteyting

Syssette i Nordhordland - (arbeidsplassar)


Totalt er der bedrifter og offentleg verksemd som syssetter 16.369 stk i Nordhordland. I 2013 var der ein topp på 16.939 stk. Den offentleg syssettinga aukar med om lag 800 stk i denne perioden. Syssettinga i industrien er redusert med om lag 650 stk. Tenesteyting hadde ein topp i 2013, men er redusert dei siste to åra og er no om lag 130 stk mindre enn i 2008. Totalt er tal syssette i Nordhordland om lag uendra sidan 2008.






Sysselsatte (arbeidsplassar i kommunen)									
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2015 i % av 2008
1263 Lindås	6 874	6 896	6 968	7 049	6 824	6 810	6 797	6 648	97 %
1253 Osterøy	2 613	2 497	2 427	2 589	2 675	2 685	2 657	2 685	103 %
1256 Meland	2 043	2 046	2 052	2 084	2 167	2 156	2 167	2 144	105 %
1260 Radøy	1 636	1 551	1 587	1 578	1 577	1 597	1 536	1 526	93 %
1411 Gulen	1 129	1 154	1 224	1 233	1 342	1 380	1 317	1 255	111 %
1264 Austrheim	1 064	1 112	1 116	1 135	1 193	1 205	1 194	1 060	100 %
1266 Masfjorden	565	561	580	573	587	611	605	603	107 %
1252 Modalen	206	222	230	221	222	228	233	224	109 %
1265 Fedje	264	255	254	267	290	267	261	224	85 %
Nordhordland	16 394	16 294	16 438	16 729	16 877	16 939	16 767	16 369	100 %

Tal sysselsette i industri, bygg og jordbruk (arbeidsplassar i kommunen) er med unntak av Austrheim og Masfjorden lågare enn i 2008. Austrheim har hatt ein ganske stor reduksjon dei siste to åra. For Nordhordland er reduksjon sidan 2008 på om lag 10 % og 650 stk.




Sysselsette - industri, bygg og jordbruk (arbeidsplassar i kommunen)									2015 i % av
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2008
1263 Lindås	2 601	2 718	2 709	2 493	2 353	2 340	2 261	2 186	84 %
1253 Osterøy	1 165	1 090	1 020	1 035	1 059	1 080	1 103	1 106	95 %
1256 Meland	911	888	866	872	888	818	825	767	84 %
1411 Gulen	506	465	524	526	518	499	510	489	97 %
1260 Radøy	552	545	541	531	561	545	520	481	87 %
1264 Austrheim	304	309	296	304	421	433	457	354	116 %
1266 Masfjorden	142	144	148	139	149	162	169	160	113 %
1252 Modalen	52	52	53	48	51	59	54	49	94 %
1265 Fedje	47	45	44	39	36	37	32	30	64 %
Totalsum	6 280	6 256	6 201	5 987	6 036	5 973	5 931	5 622	90 %

Tal sysselsette i tenesteyting (arbeidsplassar i kommunen) er totalt litt lågare enn i 2008, men der er store variasjonar mellom kommunane og det svingar frå år til år. Det var ein topp i 2013 og 2015 ligg om lag 7 % under det.



Sysselsette - tenesteyting (arbeidsplassar i kommunen)									
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2015 i % av 2008
1263 Lindås	2 337	2 134	2 127	2 325	2 262	2 208	2 283	2 143	92 %
1253 Osterøy	571	495	494	546	554	582	595	627	110 %
1256 Meland	368	375	387	392	424	468	440	431	117 %
1411 Gulen	280	341	342	350	466	513	424	372	133 %
1260 Radøy	425	340	371	338	354	381	383	360	85 %
1264 Austrheim	366	397	393	410	350	357	318	303	83 %
1266 Masfjorden	164	153	155	158	157	158	141	136	83 %
1265 Fedje	108	112	118	133	152	137	131	95	88 %
1252 Modalen	64	79	84	84	85	79	91	79	123 %
Totalsum	4 683	4 426	4 471	4 736	4 804	4 883	4 806	4 546	97 %


Tal sysselsatte i offentlig sektor (arbeidsplassar i kommunen) har auka jamleg sidan 2008, med unntak av Fedje.



Sysselsette - offentlig (arbeidsplassar i kommunen)									
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2015 i % av 2008
1263 Lindås	1936	2044	2132	2231	2209	2262	2253	2319	120 %
1253 Osterøy	877	912	913	1008	1062	1023	959	952	109 %
1256 Meland	764	783	799	820	855	870	902	946	124 %
1260 Radøy	659	666	675	709	662	671	633	685	104 %
1264 Austrheim	394	406	427	421	422	415	419	403	102 %
1411 Gulen	343	348	358	357	358	368	383	394	115 %
1266 Masfjorden	259	264	277	276	281	291	295	307	119 %
1265 Fedje	109	98	92	95	102	93	98	99	91 %
1252 Modalen	90	91	93	89	86	90	88	96	107 %
Totalsum	5 431	5 612	5 766	6 006	6 037	6 083	6 030	6 201	114 %

Sysselette av dei som bur i Nordhordland – (deltek i arbeidslivet)


Totalt er det i 21.700 som er sysselsatt av dei som bur i Nordhordland i 2015. Det er redusert med om lag 700 stk sidan 2014.



Sysselette dei som bur i Nordhordland - arbeidsstad									
	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2015 i % av 2008
Industri, bygg og jor	8 014	8 134	8 052	7 905	8 046	8 154	8 243	7 780	97 %
Offentleg	6 359	6 482	6 610	6 721	6 774	6 865	6 926	7 022	110 %
Tenesteyting	6 806	6 600	6 684	7 008	7 042	7 112	7 300	6 934	102 %
Totalsum	21 179	21 216	21 346	21 634	21 862	22 131	22 469	21 736	103 %

Tal sysselsette har auka, men samstundes har også befolkninga auka slik at andel som er sysselsett i aldersgruppa 15 – 74 år er redusert sidan 2010. Den reduksjon er for mange av kommunane større enn det som har vor for landet totalt. Gulen og Masfjorden har ein høg andel som er sysselsett, mens Austrheim og Fedje ligg under gjennomsnittet for landet.

Antalet som er sysselsatt av dei som bur i Nordhordland har auka sidan 2008, mens tal sysselsatt i Nordhordland (arbeidsplassar) er om lag uendra. Det betyr sannsynlegvis at ein større andel må finne arbeid i andre kommunar enn i Nordhordland. Veksten i arbeidsplassar er mindre enn veksten i tal sysselsette.



Andel av ungdom (15 - 24 år) som er sysselsett er redusert dei siste åra. Tidlegare lå andelen i kommunane her over gjennomsnittet for landet, no er det fleire av kommunane som er på same nivå. I Lindås er andelen sysselsette i denne aldersgruppa redusert frå 57 % til 48 %. Denne reduksjonen viser nok at det er vanskelegare å komme inn på arbeidsmarknaden. Fleire er arbeidsløyse, men ein del vel å gå meir på skule (studentar). Gulen skil seg ut ved at andelen er høg og den held seg oppe og har også auka litt dei siste åra.

Det er også sett på andelen som er sysselsett i dei ulike aldersgruppene totalt i Nordhordland. Det er ein knekk i kurva frå 2014 til 2015, brattast er den for dei «yngste». Andelen går ned i alle aldersgrupper frå 2010 og fram til 2015 og den er størst for gruppa 20 – 24 år. I 2010 var andelen som var sysselsatt i aldersgruppa 20 – 24 år om lag 75 % og i 2015 er den redusert til 66 % og den ligg under gruppa 55 – 66 år.

